

Høyringsfråsegn om ny rettskriving

Min bakgrunn

Eg er sekstan år gamal, og går på ungdomsskule på Systrond i Midtre Sogn på Sørvestlandet. Eg er svært oppteken av språk og språkleg identitet. Sjølv både snakkar og skriv eg i-mål, som eg tykkjer det er viktig å halda på i den nye normi. Eg fann ut at det var lov å nytta i-mål ved at eg ikkje fekk raud strek under *bygdi* ein gong eg valde å «bryta» normi for å skriva talemålsnært. Då såg eg nærare etter, og har sidan vore i-målmann.

Nynorsknemndi

Eg vil byrja med å skryta av nemndi. Eg er glad de stryk *skule* og monoftongar, medan de tek inn *skulera* og *spjot*. Sakspapiri dykkar er framifrå oversiktlege, slik at det har vore lett å setja seg inn i saki. De har gjort mykje bra, men eg er ikkje samd i alt – det er ikkje meiningi heller. På ein del punkt meiner eg de har gått for langt. Eg tykkjer det er ein sers dårleg idé å taka *angel* og *svømme* inn i normi.

Til lags åt alle kan ingen gjera

I ei stramare norm lyt alle ofra noko. Det gjeld både Vestlandet og Austlandet, det gjeld både bonde og byråkrat. Men ein viss appell til språkbrukarar over heile landet lyt nynorsken ha. Oslo-gryta er ikkje verd å trå etter, der vil nynorsken aldri vinna over bokmålet. Men resten av austlandet høyrer med under nynorskområdet, i lag med dei andre delene av Noreg.

«Vestlandifisering» og vestlandsnynorsken

Sume skuldar nemndi for å ha laga ein vestlandsnynorsk. Som sørvestlending kjenner eg meg ikkje att i denne framstillingi. Eg tykkjer nemndi på ein del punkt nedprioriterer kjerneområdet, for i staden å vera offensive i grensetraktene. Det er sagt at «kampen for nynorsk kan ikkje vinnast på bygdene – men han kan tapast på

bygdene». Nemndi tek frå oss mange viktige former, som t.d. *horv, klyppa, tunn, mæla, tog, og ty*. Desse formene bør få stå i normi, dersom me vil unngå at nynorsken raknar frå innsida.

Austlandsnynorsken

Nokre tek det ille opp at *skole* skal ut or normi, men *skole* kan sameinast med *skule* i ljodlæra, og bør soleis ikkje vara noko tap. Derimot vil nemndi stryka kløyvd infinitiv og i-supinum (*har skrivi og har funni*). Desse systemi i bøygningsmønstri er kanskje den viktigaste grunnen til at austlendingar vel å nytta nynorsk, og må difor ikkje strykast frå rettskrivingi. Og so har me formi *byrja* (burda), som nemndi òg vil stryka. Denne formi finst berre i nokre distrikt på Austlandet. Ho er soleis ei talemålsnær form for austlendingar, og bør difor få stå.

Normering på eigen grunn

Tilnæringsparagrafen vart fjerna i 2002. Bokmålet tok steget attende på eigen grunn i 2005. No skal nynorsken gjera det same. På ein del punkt i framlegget, ser det ut som det er bokmålet sin grunn me er på veg mot, og det var ikkje planen. Når me no skal inn att på vår eigen grunn, er me nøydde til å stryka ein del tilnæringsformer, i alle høve dei som er lite nytta. Samstundes lyt me halda på so mange av dei tradisjonelle formene som mogleg.

For å føra nynorsken inn att på egen grunn, har eg sett opp nokre gode prinsipp som eg vonar nemndi vil fylgja:

- 1) Tradisjonelle hovudformer kan ikkje strykast frå rettskrivingi.
- 2) Det skal ikkje takast inn nye tilnæringsformer i nynorsken.

Ulike typar valfridom

Einkvan har sagt at det er mykje å henta på å stryka valfridom frå bøygningsmønstri. Ein får rett nok redusert valfridomen på denne måten, men det er ikkje noko mål i seg sjølv. Valfridom i bøygningsmønster er valfridom som fungerer. Slik valfridom er ikkje i vegen for dei som ikkje vil nytta honom, men gjer at nynorsken lettare appellerer til språkbrukarar over heile landet.

Det er valfridom i einskildord som kan vera problematisk. Ein del av denne bør difor strykast. Og stundom kan det vera enklare med valfridom enn utan. Ljodlæra er eit effektivt og godt hjelpemiddel for å skjera ned valfridomen. Diverre har nemndi valt å ikkje nytta henne.

Bøyningsmønster

I-målet

I-målet er eit sermerkt system i nynorsken, som er vel verdt å taka vare på. Eg kan ikkje sjå at denne valfridomen er i vegen for dei som ikkje ynskjer å nytta honom. Derimot kan han gjera det lettare å lika nynorsken. Å stryka valfridom er ikkje noko mål i seg sjølv, men eit verkemiddel for å laga ein enklare nynorsk. Når nynorsken ikkje vert enklare av å stryka i-målet, er det betre å lata i-målet stå.

Ein monaleg del av den nynorske litteraturen er skriven på i-mål, og det er ikkje nokon god idé å framandgjera litteraturen for normi. Nemndi seier at ein framleis skal få skriva stadnamn på i-mål, men eg tykkjer ikkje ein slik påstand er god nok garanti. Det heiter jo i Lov om stadnamn at «skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp». Salmeboki skal òg fylgja gjeldande rettskriving. Må alle dei kjære og verdfulle i-målsalmane normerast til a-mål?

I-målet står framleis sterkt i dei talemåli som tradisjonelt har hatt i-mål, og det er ein myte at i-målet er på vikande front. I Midtre og Indre Sogn er i-målet svært dominerande i talemåli åt ungdomen (med delvis unntak for Sogndalsfjøra). Jamvel på administrasjonsstaden Systrond, som har mange innflyttarar, er i-målet dominerande hjå den yngre garden. Det finst fleire døme på at innvandrarborn nyttar i-mål.

Sjølv om i-målet står sterkt i tale, er det lite nytta i skrift. Det er av di elevar ikkje har fått vita at det er lov. I-målet er ikkje synleg i ordlistene (berre nemnd i innleiingi, som ingen les) og lærarar har ikkje lov til å fortelja elevane at dei kan nytta i-mål. Hadde ungdomen i i-målsdistrikti visst at det var lov å skriva på *i*, hadde nok langt fleire gjort det. Kan me ikkje sleppa i-målet til som jamstelt form, og so vurderer stoda på nytt etter eit par tiår med like konkurransevilkår? Gjev i-målet ein sjanse! (sjå òg vedlagt lesarinnlegg)

Det er mange gode grunnar til å halda på i-målet. Framlegget frå 2002 gjekk inn for jamstelling av i-målet. Dessutan kan jamstelling av i-målet hindra intern strid, slik at både i-målmenn og a-målmenn kan stå saman i kampen for nynorsken. Det er svært viktig at i-mål (*bygdi, busi* og *liti*) vert jamstelt med a-mål (*bygda, busa* og *lita*).

Nokre viktige fleirtalsendingar

Det er uklokt og lite gjennomtenkt å stryka fleirtalsendingane *feilar, menner, lyser, myser* og *vemmer* frå normi. Desse er utbreidde i mange talemål. Å stryka desse kan faktisk gjera det vanskelegare å skriva nynorsk.

Uregelrett fleirtal av hankjønn

Ordi *del* og *døl* må få valfritt uregelrett fleirtal. Eg ser svært ofte at folk skriv *deler*, slik det heiter på våre kantar. Folk frå Sogndal heiter *sogndøler*, og då vert det feil å måtte skriva *sogndølar*. Sidan uregelrett fleirtal i hankjønn no vert valfritt, vil det ikkje vera problematisk å gjeninnføra det i desse to ordi.

Uregelrett fleirtal av hokjønn

Uregelrett fleirtal i hokjønn står sterkare i talemåli enn det tilsvarande systemet i hankjønn. Hokjønnsord på *-ing* har, og skal framleis ha, obligatorisk uregelrett fleirtal. Me bør unngå å gjeva regelrett fleirtal jamstelt status. Dersom dette vert nytta i lærebøker, vil truleg overgangen frå uregelrett til regelrett fleirtal i talemåli skjota fart.

Linne inkjekjønnsord

Eg er svært glad nemndi snudde i spørsmålet om linn bøygning av inkjekjønnsord, men i talemåli er det ikkje berre *auga, hjarta* og *øyra* som har denne bøygningi. Det gjeld òg *hyrna, nyra, nysta* og *okla*. Difor bør desse ordi takast inn att i denne ordklassen. Sidan den linne bøygningi er valfri, vil dette ikkje vera problematisk å gjennomføra.

Onnor

Hokjønnsformi *onnor* er framleis levande i fleire talemål, t.d. i Sogn. Ho er òg nytta i skrift, men ikkje like ofte som før. Denne einskildformi er ikkje i vegen, men kjennest viktig for dei som nyttar henne. *Onnor* må få stå.

Verbbøygning med *æ* og *å*

I adjektivbøygningi vert *lægge*, [*slær*] og [*slæst*] uttala med *æ* i mange talemål. Desse er ofte å sjå i skrift, og eg har fleire medelevar som nyttar desse. Det er svært syrgjeleg om desse går ut or rettskrivingi. Formene *lægge*, *slær* og *slæst* må jamstellast og verta ståande i normi! Gjerne òg *fær*.

Kortformer og langformer av verb

Det vil ikkje verta enklare å skriva nynorsk om ein del av langformene går ut or rettskrivingi. Langformene er framleis utbreidde i dialektane, og dei står rimeleg sterkt i skrift. Valfridomen mellom kort- og langformer må oppretthaldast.

Kløyvd infinitiv

Kløyvd infinitiv kan gjera nynorsken lettare for dei som har dette systemet i talemålet sitt, og det er ikkje i vegen for andre. Nynorsken skal uansett ha valfridom mellom *a* og *e*, og då skadar det heller ikkje om mellomvarianten vert ståande. Dessutan er kløyvd infinitiv ei austlandsk form, og det er viktig at normi kan appellera til språkbrukarar over heile landet.

Blanda verbbøygning

Eg vonar at blanda bøygning av verb vert tillate i nynorsken, slik at me kan bøya *bruka* – *brukar* – *brukte* – *brukt*. Denne bøygningi finst i mange talemål.

Har *bygt* og har *bygd*

Formene med *-t* (t.d. *bygt*) må framleis vera ein del av den offisielle rettskrivingi! Desse er utbreidde i alle dei vestlandske talemåli, og er nesten like vanlege i skrift som formene med *-d* (t.d. *bygd*). Staten bør ikkje leggja føringar på dette punktet, men lata nynorskbrukarane sjølve få velja kva form dei vil nytta. *Bygd* og *bygt* må framleis vera jamstelte former.

Samsvarsbøygning

Det må ikkje opnast for valfri samsvarsbøygning i nynorsk! Ei slik utflating av språket vil gjera stor skade, og bør ikkje førekoma i offisiell nynorsk. Reglane er heller ikkje vanskelege å læra.

Personlege pronomen (subjekt/objekt)

Eg rår sterkt ifrå å stryka *honom*. Denne formi lever godt i mange dialektar, t.d. på Nordvestlandet. Moglegheiti for å skilja mellom subjekt og objekt er ikkje i veggen, men kan gjera språket tydelegare.

Dykk må for all del ikkje jamstellast med *de* som subjektsform! Sjølv om skiljet mellom subjekt og objekt ser ut til å vika, er ikkje tidi inne for å gjennomføra dette i skrift. Systemet *de – dykk – dykkar* er godt innarbeidt. Eg rår ifrå å gjera endringar i dette no. Serleg formi *dokkers* vil høva dårleg i det nynorske skriftbiletet (må i so fall skrivast *dokkar*). Me har ei mengd ulike system i talemåli, og *de – dykk – dykkar* gjev ei helt grei gjenspegling av variasjonen. Til dømes vil ein sogning framleis nytta *dikka* i julekort, sjølv om *dokker* skulle verta tillate ved sida av *dykk*. Utviklingi i talemåli må gå lenger før me kan gjera endringar i skriftnormalen.

Vokalisme

Ljodlæra

Framlegget frå nemndi bryt med ljodlæra, og det er syrgjeleg. Ljodlæra er den mest effektive måten å redusera valfridomen utan at det går utover nærleiken til talemåli. Ljodlæra seier fylgjande: $e/\text{æ} \rightarrow \text{æ}$; $o/u \rightarrow u$; $o/\text{å} \rightarrow o$; $o/u/y \rightarrow u$; $o/u/\text{ø} \rightarrow u$; $y/\text{ø} \rightarrow y$. Kvifor kan ein skriva *bylgje* eller *bølgje*, men berre *stygge*? Me kan taka eit døme frå Midtre Sogn: Systrendingane seier *bylgja* og *stygge*, medan sogndølene seier *bølgja* og *støgge*. Då er det ikkje logisk med *ø* i det eine ordet og *y* i det andre...

Med grunnlag i ljodlæra bed eg nemndi om å vurdera desse punkti på nytt:

$e/\text{æ}$: Æ-formene bør jamstellast med e-formene.

o/u : U-formene bør jamstellast med o-formene. *Kumle* og *kumpe* må framleis vera eineformer.

$o/\text{å}$: *Brote* og *flôte* må få stå, [*bråte*] og [*nå*] bør gå ut. Det er bra at *so* skal stå!

u/y: *Rudning, skutel* og *tunn* må få stå. *Sputt* og *sputta* bør takast inn att i normi, sidan dei ofte vert uttalte med *o*.

y/ø: Dei ø-formene som er klammeformer i dag må takast ut or normi. Det skulle for so vidt ikkje vera problematisk å gjera y-formene til eineformer.

Variasjon mellom to vokalar

Nemndi har teke for lite omsyn til talemåli i nynorskområdet. Det er serleg alarmerande at former som *horr*, [*horv*] og *longe* skal takast ut or normi. Desse må få stå! T.d. vil *harv* kjennast veldig framandt for mange vestlendingar. Å stryka *klyppa* er lite klokt. *Klyppa* er utbreidd både i tale (*klyppa/kløppa*) og i skrift.

Eg meiner desse formene må få stå i rettskrivingi, serleg dei som er understreka:

a/e: *Massing*, *hanga*, *svarm*.

a/o: *horr*, [*horv*], *longe* (Denne kategorien må vurderast på nytt!)

e/i: *Ikorn*, *kleppfisk*, *lippe*, *sev*, *tri*

i/y: *Klyppa*

jo/y: [*gjosa*], [*gjota*], *sjoda*, [*skjota*]

o/u: *smolt* (svinefeitt – smoltring), *sume*. – *kruna*, *krune* (konge-) må takast inn i normi.

o/ø: *gor*, *snør*, *nòt*

æ/å: *læsa*, *mæla*

Vidare meiner eg æ-former som *fjære* og *tjære* med fordel kan gå ut or normi, og klammeformi [*muleg*] bør strykast.

Diftong/monoftong

Eg er svært glad for at øy-diftongane vert eineformer. *Kjøra* kan eventuelt tillatast, men ikkje andre monoftongar. I dette kapitlet har nemndi gjort eit framifrå arbeid, men eg har nokre viktige merknadar: *tog* og *trog* er vanlege i mange målføre, og er framleis å sjå i skrift. Desse må få stå! *ty* (t.d. *verktu*, *fartu*) kan ikkje takast ut or rettskrivingi. Denne formi er vanleg i skrift, og må få stå (det er heller *tøy* som burde strykast). *Skøyta* (skjøtta) må få stå, jf. nemndi sitt val om øy/ø.

Konsonantisme

Enkel eller dobbel konsonant

Det er svært uheldig å stryke enkelkonsonantformene! Desse opnar for uttale med både enkel og dobbel konsonant (jf. ljodlæra). Alle hovudformer med enkel konsonant, samt klammeformene med enkel *m* må få stå! Derimot bør ein del markerte dobbelkonsonantformer, som *lokk*, *bispedømme*, *bønn* og *kjøtt* strykast frå normi. Desse skadar det nynorske skriftbiletet.

Eg seier *gammal* og *plome* – kvifor skal eg då måtta skriva *gamal* og *plomme*? Det enklaste vil vera å alltid kunne nytta enkel konsonant (*gamal* og *plome*). Ein enkel regel ville vore at der grunnformi har enkel *m* (*brudgom*) skal resten av bøygingi alltid ha enkel *m* (*brudgomen*, *brudgomar*). Elles tykkjer eg det er løye at nemndi vil stryke *kikert*, medan *kika* får stå.

Annan konsonantvariasjon

Mod, *moda* og *motig* må få stå. Kvifor skal det heita *mota*, men *modig*? Det same gjeld *vri(d)*, *vri(d)ar* og *vri(d)en*. Kvifor skal det heita *vri* og *vrien*, men *vridar*? Her er det truleg påverknad frå bokmålet som gjeld. Her òg er jamstelling det beste. *Drya* må få stå. Me lyt halda på *ratla* og *skutla*. Desse er framleis levande i talemåli, og må få stå, sidan andre *tl*-skrivemåtar får stå.

Eg meiner *bøying* og *bøyging* kan ha tydingsskilnadar. Eg bed nemndi vurdera dette: *bøying* (det å bøya) og *bøyging* (bøygningsmønster), nett som *byggjning* (det å byggja) og *bygning* (hus, bygnad). Kan henda bør formene ha ulike oppslag? I alle høve lyt bae få stå i den nye normi.

Palatal skrivemåte

Den palatale skrivemåten av verb (*byggja*, *tenkja*) bør helst vera eineform.

Verbalsubstantiv på *-ing* må kunne skrivast med *j* (*byggjning*, *tenkjning*). Me ser ofte desse formene i skrift. Dei talemåli som har palatal uttale av verb, har det alltid i verbalsubstantiv òg. Dessutan er den noverande regelen forvirrande, inkonsekvent og ulogisk. Kvifor kan me skriva *setjing*, men ikkje *byggjning*? Eg har drøfta dette med fleire norsklærarar, og alle tykkjer systemet er ulogisk og inkonsekvent. Dei kan stadfesta at elevar ofte skriv *byggjning*, og stundom gjer lærarane same «feilen» sjølve. Nemndi må retta opp i dette!

Dei ordi som i dag har palatal skrivemåte som eineform (t.d. *bylgje* el. *bølgje*), må ha dette i den nye rettskrivingi òg. Substantivet *ynske* bør kunne skrivast med *j* (*ynsk(j)e*), for mange gjer feil på dette punktet.

Anna

Skirtorsdag

Jamfør formi *skir*, bør ein kunne skriva *skirseld* og *skirtorsdag*. Desse formene finst i fleire talemål. Dei må få stå av omsyn til samanheng, konsekvens, skrifttradisjon og talemålsutbreiing.

Bilete, kross og stifting

Nemndi må tenkja seg svært godt om før dei jamsteller klammeformene [*bilde*] og [*kors*]. I alle høve må *kross* og *kors* ikkje ha ulike oppslag! *Stiftelse* må strykast.

Rakl og rakkel

Det er løye at nemndi vel den lange formi, når den korte opnar for fleire uttalemåtar. *Rakl* kan uttalast *rakl* og *rakkel*. På same måte vert *namn* i Sogn uttala *nabn* og *nabben*. I staden for å stryka *rakl*, burde nemndi teke inn att *beisl* og *hasl*.

Valfritt kjønn

Nemndi går inn for å lata ord som *bygning* få valfritt hokjønn. Argumentasjonen ligg i at ein del dialektar har hokjønn i desse ordi, og det er i og for seg greitt. Men det er òg ein del dialektar (t.d. sognemål) som har hankjønn i ord som *setning* og *demning*, som i dag har hokjønnsbøygning. Anten bør fordelingi vera som i dag, eller so bør det innførast valfritt hankjønn/hokjønn i dei fleste ord på *-ing* (unntak for *kjerring* og nokre fleire).

Nemndi vil òg lata ord som *bodskap* få valfritt inkjekjønn. Dette rår eg sterkt ifrå. Hankjønnsbøygning i desse ordi er godt innarbeidt, og inkjekjønnsformene vil øydeleggja skriftbiletet.

Dei ti høyringsspørsmåli

| Spørsmål | Samd/usamd |
|---|--|
| Berre <i>-leg</i> , ikkje <i>-lig</i> (<i>endeleg</i> , ikkje <i>endelig</i>). | SAMD |
| Berre <i>-stilling</i> , ikkje <i>-stelling</i> (<i>framstilling</i> , ikkje <i>framstelling</i>). | USAMD |
| Valfri <i>j</i> i verb som <i>leggje/legge</i> og <i>søkje/søke</i> og svake hokjønnsord som <i>brygge/brygge</i> og <i>enkje/enke</i> . | USAMD |
| Former med diftong blir eineformer i ord som <i>drøyme</i> , <i>høyre</i> og <i>køyre</i> . Nemnda har særleg fått innvendingar mot å stryke forma <i>kjøre</i> . | SAMD |
| Former som i dag har hovudform med dobbel konsonant og klammeform med enkel, skal i dei fleste tilfelle berre ha forma med dobbel konsonant i den nye rettskrivinga (<i>ramme</i> , <i>danne</i>). | USAMD Det er heller dobbelkonsonantar som bør strykast! |
| Valfri samsvarbøying i perfektum partisipp av svake verb (<i>Dei er presenterte/presentert</i>). Obligatorisk samsvarbøying i perfektum partisipp av sterke verb (<i>Dei er frosne</i>). Her har nemnda både fått framlegg om å stryke samsvarbøying i sterke verb og framlegg om å innføre full samsvarbøying også i svake verb. | USAMD Vil ha full samsvarsbøygning, òg i svake verb. |
| <i>Dykk</i> som subjektsform vert jamstilt med <i>de</i> . Her har nemnda òg fått innspel om å velje dialektformer som <i>dokke(r)</i> , <i>dåkke(r)</i> eller <i>dokk</i> . | USAMD Vil halda på gjeldande system. |
| I nokre høgfrekvente ord gjer nemnda framlegg om å stryke dei jamstelte formene <i>skole</i> og <i>mye</i> , saman med klammeformene [<i>noe(n)</i>] og [<i>bare</i>]. Vi har både fått kraftige innvendingar mot å stryke mykje brukte former, og samstundes fått mange oppmodingar om å stryke nettopp desse. | SAMD |
| Kløyvd infinitiv (<i>vera/tenkje</i>) går ut av rettskrivinga. Dette er kanskje det framlegget som har skapt mest diskusjon til no. | USAMD |
| I-mål (<i>sola</i> [<i>solɨ</i>] (bunden form eintal), <i>busa</i> [<i>busɨ</i>] (bunden form fleirtal)) går ut av den offisielle norma. | USAMD |

Språket i lærebøker

Eg er svært misnøgd med språkbruken i lærebøkene våre. Forlagi legg lærebokspråket so tett opp til bokmål som mogleg. Dette er på kostnad av nærleiken til talemåli og skriftradisjonen. Kvifor skal lærebøkene skriva *rør*, *tjære* og

da, når *røyr*, *tjøre* og *då* er nærast einerådande i kjerneområdet (der nynorsk er skulemål). Dessutan er dei svært flittige med å nytta genitivs-s-ar. Nær halvparten av nynorskelevane har a-infinitiv i talemålet, men alle skulebøkene nyttar e-infinitiv.

Denne situasjonen er ikkje haldbar, og fører til at nynorsken tapar terreng. Kvifor skal ein skriva nynorsk når bokmål ligg nesten like nær talemålet som nynorsk? Det å gjera diftongformer som *røyr* til eineformer, og å stryka *skole*, kan demma opp om litt av dette. På mange andre område vert læreboknormalen utvida i retning bokmålet.

I framtid vil det vera viktig at Språkrådet legg føringar om at lærebøkene skal gjenspegla talemåli i kjerneområdet. Berre slik kan elevane få augo opp for det fantastiske skriftspråket nynorsken er.

Vensam helsing
Bjørn Sandvik Søltnæs

Orsaking som t langt inne

ENDEN ER GOD ER ALLTING GODT, det i ordtaket. Berre framtida vil for stor grad dette vil gjera seg ide når det gjeld den langvarige striden om tilbodet innan spesialomsorga i Årdal kommune.

MEN ME KONSTATERER at det under eit møte mellom dei pårørande og Årdal kommune sist fredag, var full forsoning. Endeleg manna rådmann Ingvar Laberg og kommunalsjef Alf Olsen seg opp til å orsaka den unødige belastninga kommunen har påført dei tre familiare i denne saka.

DET ER SJØLVSAGT bra at kommunen orsakar på denne men vona – og det viktigaste no – a at kommunen tek lærdom av det ur skjedd sidan Sogn Avis starta sin m det manglande tilbodet innan den unale spesialomsorga. Det var i å me kan trygt konstatere at denne nga sat langt inne, litt uforståeleg me.

NGANEVILLE HA det slik at same Sogn Avis hadde oppslag på at Årdal me endeleg la seg flat og bad dei tre me om orsaking, så fekk journalist Stedje Presseprisen i Sogn og ne for si deknning av nettopp denne fe går ut ifrå at Årdal kommune tek taktum med seg vidare i evalueringa en denne saka vart handtert på frå men si side.

I ETTER vårt skjøn storsinna av dei iliane å akseptera orsakinga frå metoppane. Når dei likevel gjer det, vera i von om at verken dei – eller amiliar med liknande behov – skal a å bli utsett for liknande lling i framtida. Det kan ikkje vera na forklaring på forsoninga, og sjølv sagt god nok. I eit slikt lys kan ved dei belastningane dei tre me har hatt sidan saka byrja å rulla r enn fire månader sidan, vera able.

SENTLEG TILTAK kommunen no set or å hindra at dette gientek seg. er

Gjev i-målet ein sjanse!

Jan Olav Fretland skriv i ein kronikk laurdag 25. september at i-målet ikkje vil verta lagt på skraphaugen dersom det går ut or nynorsk rettskriving. Grunngevingi hans er at det berre er statleg tilsette og skuleverket som pliktar å fylgja normi, medan andre kan skriva som dei vil. Då ser det diverre ut til at Fretland har gløymt det faktum at normi vert sett på som «fasiten» på korleis ein skriv godt. Folk flest fylgjer normi når dei skriv, sjølv om dei ikkje er plikta til det. Det same gjeld avisene. Elevar er plikta til å fylgja normi. Slik det er i dag, kan elevar framleis skriva bygdi og soli, fjelli og epli.

Fretland skriv: «Ingen av dei over 100 nynorskoppgåvene eg undersøkte, brukte elles i-mål». For han er dette god nok grunn til å stryka i-målet frå normi. Men kvifor nyttar ikkje elevar i-mål? Slik stoda er i dag, er i-målet klammeform. Lærarar og lærebokforfattarar har difor berre lov til å nytta a-mål: bygda og fjella. I mi tid i barneskulen var det ingen lærar som fortalde oss at det framleis var lov å nytta i-mål. I Alf Hellevik si Nynorsk Ordliste, den mest nytta, er i-målet berre nemnd i ein liten notis i innleiingi. Soleis er i-målet gjort so utilgjengeleg som mogleg, slik at so godt som ingen veit at det er lov. Det er dette me kallar «klammeformsdaude».

I Lov om stadnamn kan ein lesa at «det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamnet skal takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal fylgje gjeldande rettskrivingsprinsipp». Det er difor svært viktig å behalda i-målet i rettskrivingi, slik at stadnamn som Henjaelvi, Lærdalsøyri og Fatlaviki framleis skal ha i-ending.

Det er ikkje valfridomen i bøyning av substantiv som forvirrar. Det er det skrivemåten i enkeltord som gjer. Heiter det ruglet, ruglete eller ruglut? Dødstrøytt, dødstrøtt, daudstrøytt eller daudstrøtt? (Alt dette er lov). Gjeldande bok-



Faksimile av Jan Olav Fretland sin kronikk i Sogn Avis laurdag 25. september.

målsnorm er ei stram norm, slik ogso nynorsknormi skal verta. Der kan ein velja å skriva boken eller boka og husene eller husa. Då treng ikkje me å gjera nynorsknormi so stram at det ikkje er plass til i-målet. Det ville vera merkjeleg å stryka i-målet no, etter at det har overlvd heile samnorskperioden frå 1917 til 2002. Då er det meir naturleg å styrkja det.

I-målet er ein særmerkt del av skriftspråket vårt, som er verd å taka vare på. Ein må i alle fall gjeva i-målet ein sjanse. Til dømes kan i-målet få vera med i den nye normi på lik linje med a-mål. So kan ein vurderera stoda på nytt om 20–30 år, og sjå om i-målet har auka i bruk. Eg vonar at eg framleis får nytta i-mål i skulesamanheng når eg tek til på vidaregåande neste haust.

Bjørn Sandvik Sølsnæs
Hermansverk